



# **Ungdom ved roret OPPstartsamling 2025**

**Hotel Scandic Flesland, Bergen 23.09-24.09.2025**

## **Informasjon til deltarar og føresette**

Ungdommens kommunestyre (UKS) Askøy og Bømlo ungdomsråd startar det nye arbeidsåret med ei to dagars OPPstartsamling for 100 ungdommar på Hotel Scandic Flesland. Det er plass til 40 ungdommar frå dei to kommunane, og 20 ungdommar frå andre ungdomsråd er også inviterte.

Det blir to dagar med mykje kjekt program og overnatting på hotellet. Ungdommane frå dei to råda har vore med i planlegginga og kjem til å stå for det meste av gjennomføringa.

Målet er å bli kjende og ha sosiale aktivitetar, men også å læra om verktøy og metodar som kan vera nyttige når ungdom frå Askøy og Bømlo skal setja agendaen for det neste året. Programmet er laga av engasjerte ungdommar, og de er hovudaktørane desse to dagane.

Ikkje ver redd om du ikkje kjenner nokon frå før, ikkje har vore med i elevråd eller ungdomsråd, eller ikkje likar å snakke i store forsamlingar. Her er det plass til alle, og det er viktig at ikkje alle har den same rolla, men at me har folk som kan og likar forskjellige ting.

Ungdommar som er engasjerte i elevråd, ungdomsråd eller interesserte i ungdomsmedverknad er velkomne til å delta. OPPstartsamlinga er open for ungdommar i alderen 15-19 år. Etter avtale kan samlinga også opnast for engasjerte elevar i 9. klasse.

Dersom det er fleire enn 40 som ønskjer å vera med frå Bømlo, blir det laga venteliste. I fjar fekk ikkje alle plass, så det kan vera lurt å melde seg på tidleg.

Det er med 5 vaksne ressurspersonar frå kvar kommune. Frå Bømlo kjem rådgjevar for folkehelse, SLT-koordinator, helsejukepleiar og andre kommunalt tilsette. Lokalpolitikarar og andre blir også inviterte til å delta.

Arrangementet er gratis og heilt rusfritt for både ungdom og vaksne.

Overnatting skjer på 2-4 sengsrom. Det er mogleg å ønskje kven du vil dela rom med i påmeldingsskjemaet, men me kan ikkje garantere at alle ønskje blir oppfylte.

Det blir servert lunsj og middag første dagen, og frukost og lunsj andre dagen. Dersom du har spesielle diettar eller sjukdommar som me bør vite om, skriv det i påmeldingsskjemaet. Me legg til rette for det som trengs.

Det vil bli teke bilder og laga filmar på samlinga. Desse blir brukte i vidare arbeid i Ungdom ved roret, på nettsida til Bømlo kommune og på sosiale media. Du kan reservera deg mot dette i søknadsskjemaet.

**Reise:**

Det blir felles bussreise og bussen går ca. kl. 08:00 frå parkeringsplassen Idrettsvegen 87, 5430 Bremnes (parkeringsplassen nede ved fotballbanen/Svortland skule).

registerast av ein vaksen.

Heimreisa er kl. 17:00 frå hotellet, med ankomst Svortland ca. kl. 19:30. Det blir stopp i Gassasundet på heimturen.

Deltakarane må vera med på heile samlinga, og det er ikkje mogleg å berre vera med på delar av programmet.

Dersom veret og programmet tillèt det, blir det mogleg å ta ein tur utanom hotellområdet i små grupper tysdag ettermiddag. Dette skjer kun etter avtale, og både avgang og retur skal dokumenterast av ein av dei vaksne ressurspersonane.

Me oppfører oss sjølvsagt bra og tek omsyn til kvarandre.

Dersom det oppstår situasjonar kor deltakarane ikkje lenger kan delta (sjukdom, bruk av rusmidlar o.l.), må føresette vera førebudde på å hente ungdommane eller at dei blir sende heim på føresette si rekning.

**Påmelding: OPPstartsamling 2025**

For deltakarar under 18 år, treng me i tillegg til påmelding stadfesting i frå føresette:

**Stadfesting føresette**

**Påmeldingsfrist:** 13. september 2025

**Kontakt og meir informasjon:** Johanne Kristiansen,

Tel: 45382642, E-post: [johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no](mailto:johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no)

